

Referat frå møte Arnafjord sokneråd 27.01.2022 kl 19.00, Valsvik skule.

Desse møtte: Sokneprest Karen Melhus, Kari B. Dale, Else Sætre og Ola Engum.

Forfall: Endre Nese.

Sak 1; Høyring Vedtekter for gravplassane i Vik Kommune.

Soknerådet sender følgjande svar til Fellesrådet:

Høyring om 'Vedtekter for gravplassane i Vik kommune'.

Arnafjord sokneråd hadde møte 27.01.2022, og vedtok følgjande.

§4 FESTE AV GRAV

Etter fredingstid på 30 år, bør det tidfestast kor lengje ein kan festa ei grav mot betaling, og ev. grava ved sida.

Me vil at gamle gravsteinar får stå til ein har bruk for gravi att. Dette er god gammal tradisjon, og eit kulturminne.

Vedtektene slik dei ligg føre ser elles greitt ut.

Sak 2; Årsmøte i kyrkjelyden.

Årsmøtet vert sundag 6.mars kl 16.00.

Sak 3; Offersøknader.

Sundag 6.februar: Offer til Evangeliesenteret.

Sundag 6.mars: Offer til eige kyrkjelydsarbeid

Påskedag 17.april: Kirkens nødhjelp

Laurdag 28.mai: KFUK/KFUM

Sundag 26.juni: Trusopplæring Vik

Sak 4; Ymse, Kyrkjevertar:

6.feb: Endre Nese

6.mars: Else Sætre

17.april: Ola Engum

28.mai: Kari B. Dale

Møte slutt kl 20.30.

Ola Engum (ref)